



## **Forskrift om folkevalgtes rett til godtgjøring og velferdsgoder i Hægebostad kommune**

Fastsatt av kommunestyret 28.9.23 med hjemmel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner § 8-3, § 8-4, § 8-5, § 8-6, § 8-7, § 8-8, § 8-9 og § 8-10

### **§ 1 Formål**

Forskriften skal legge til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det moleg for alle å delta i lokalpolitikken.

### **§ 2 Virkeområde**

Reglementet gjeld for kommunalt folkevalde i Hægebostad kommune som etter kommuneloven, har krav på godtgjøring, refusjon av økonomisk tap og dekning av utgifter som vervet fører til.

Med kommunalt tillitsverv meiner ein i dette reglement, politisk valde medlemmer i permanente utval som er valde for valperioden. (Utvala skal vere valde av kommunestyret, etter vedtak i kommunestyre eller som fylgje av lov).

Arbeidstakarrepresentantar som møter i administrasjonsutvalet kommer inn under dette reglementet.

Medlemmer til statlege nemnder kjem ikkje inn under dette reglement.

### **§ 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap**

Den som har et tillitsverv i Hægebostad kommune har krav på

- a) skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet
- b) dekning av utgifter som følge av vervet, også utgifter til andre for å utføre nødvendige arbeidsoppgaver, barnepass og andre omsorgsoppgaver man i forbindelse med utførelsen av vervet ikke selv kan utføre
- c) erstatning for tapt inntekt som følge av vervet.
- d) Studenter får dekket reise fra/til bopel/studiested oppad begrenset til 100 km hver vei

Krav etter første ledd skal fremsettes for administrasjonen så snart som mulig og senest innen 1 år etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenteres. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikke kan dokumenteres, dekkes likevel dersom utgiftene eller tapet er sannsynliggjort på annen måte.

### **§ 4 Utmåling av utgifter og økonomisk tap**

Godtgjøring for skyss, kost og overnatting etter § 3 første ledd bokstav a gis etter de til enhver tid gjeldende satsene i kommunens reiseregulativ.

Skyssgodtgjøring blir utbetalt til alle medlem av styrar, råd og utval, som reglementet gjeld for. Satsane i det kommunale regulativ blir lagt til grunn.

Når ordføraren møter på kommunehuset gjeld arbeidstakarreglementet.

Kommunale folkevalde har rett på følgjande kompensasjon for tap av inntekt:

1. Legitimert tap av inntekt gir rett på inntil kr. 4.000,- for ein heil dag.
2. Ulegitimert tap av inntekt gir rett på kr. 2.000,- for ein heil dag.
3. Lønsmottakarar i full eller deltidsstilling, skal dokumentere tap av inntekt frå sin arbeidsgjevar for den tida det blir kravd godtgjersle for etter pkt. 4.1.
4. 0-4 timar vert rekna for ½ dag. Over fire timar møtetid blir rekna som heil dag. Det skal takast omsyn til reisetid til/frå møte ved berekning av møtetid etter første avsnitt.
5. Pensjonistar og heimeverande har rett på godtgjersle etter pkt. 4.1 og 4.2.
6. Sjølvstendig næringsdrivande har rett på godtgjersle for tap av inntekt etter følgjande reglar:

Det skal takast utgangspunkt i attest frå likningskontoret over brutto/nettoinntekt ved siste likning. Nettoinntekt blir lagt til grunn for utrekning av tapt arbeidsinntekt for sjølvstendig næringsdrivande. Nemnde beløp blir dividert med 230 som gir dagsatsen for legitimert tapt arbeidsfortjeneste.

**Bruttoinntekt**

- Driftsutgifter og avskrivningar
- = **Nettoinntekt**
- berekna kapitalavkastning av driftslausøyre, driftsbygning osv.
- = **Personinntekt**

Det blir utbetalt godtgjersle i tråd med pkt. 4.2 og 4.4, når den tillitsvalde må møte på fridagar og feriedagar.

7. Reglane om godtgjersle for tapt arbeidsforteneste, gjeld på dagtid mellom kl. 07.00 og kl. 16.00. Skiftarbeidarar o.a. som kan godtgjere tap av inntekt på anna tidspunkt, enn nemnd i første setning, har rett på godtgjersle etter pkt. 4.1 og 4.2.
8. Kommunale folkevalde skal/kan dokumentere, også eigendokumentere, utgifter til barnepass o.a. nødvendige utgifter, som er ein følge av at vedkomande utfører sine ombodsplikter, har rett på utgiftsdekning inntil kr. 300,-.
9. Dersom folkevalde blir oppnemnd til eller får aksept frå ordførar til å delta på kurs eller konferanser, kan dei få kompensasjon for tap av arbeidsinntekt.
10. Folkevalde som møter i formannskapet eller anna møter på dagtid har krav på ulegitimert tap av inntekt.

### § 5 Arbeidsgodtgjøring

1. a) Kommunestyret har krav på kr. 1000,- i møtegodtgjersle.
- b) Leiarar og andre medlem i formannskap, kontrollutval, eldrerådet, råd for personer med nedsett funksjonsevne og valstyret, samt varamedlem som møter i heile dei nemnde utval, har krav på kr. 700,- i møtegodtgjersle. Formannschaftsmedlem inkl. varaordførar som møter på andre møter gis godtgjørelse tilsvarende formannskapsmøtene.

2. Leiarar, andre medlem, varamedlem og tillitsvalde i ad hoc utval og andre utval, har rett på kr. 400,- i møtegodtgjersle.
3. Utval er å forstå som permanente utval og ad hoc utval, oppnemnd av kommunestyre eller formannskap.
4. Det kan ikkje krevjast møtegodtgjersle for meir enn 3 møter pr. dag. Det blir ikkje utbetalt meir enn ei godtgjersle, når det blir halde fleire møter som kjem umiddelbart etter kvarandre.

## § 6 Godtgjøring ved frikjøp

### 1. Ordføraren

Godtgjering til ordføraren blir sett til 100 % av 87,5 % av lønna til stortingsrepresentantar. Godtgjeringa blir årleg oppjustert frå og med 01.05. Det skal ikkje utbetalast anna leiar- og eller møtegodtgjersle til ordføraren. Arbeidstida til ordføraren er i utgangspunktet 100% stilling.

1.1 Godtgjersla blir utbetalt med 1/12 kvar månad. Godtgjersla for juni blir halde tilbake kvart år og utbetalt året etter.

1.2 Ordføraren skal vere medlem av KLP på lik linje som andre ansatte.

1.3 Ordføreren skal ha samme rettigheter i forhold til forsikring m.v. som andre kommunalt tilsette.

1.4 Det blir utbetalt full godtgjering ved sjukdom

1.5 Ordføreren har samme rettighet som andre kommunalt tilsette til godtgjørelse under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barns og barnepassers sykdom.

1.6 Reglar som gjeld for kommunale arbeidstakarar, blir lagt til grunn for berekning av telefonutgiftsdekning til ordføraren.

1.7 For øvrig gjelder kommunens reglement så langt de passer.

2. Medlem av formannskapet skal ha ei årleg godtgjersle på 5 % av løna til ordføraren. Varaordfører gis en godtgjørelse på 7 % av løna til ordføraren som inkluderer godtgjørelsen som medlem av formannskapet. Godtgjersla til formannskap og varaordfører blir bereikna av 87,5 % av godtgjersla til stortingsrepresentantar.
3. Årleg leiargodtgjersle tilsvarande 3 % av løna til ordføraren skal utbetalast til leiar av:  
Kontrollutvalet
4. Det er ein føresetnad for utbetaling av leiargodtgjersle, at det har vore halde møte i utbetalingsperioden.

Fråvær frå meir enn 1/3 av møta i eit kalenderår, fører til 25% reduksjon av godtgjersla

## § 7 Ettergodtgjøring

### 1. Etterlønn ordfører (ref kommunestyre sak 128/03):

- 1 ½ månad dersom vedkommande har jobb å komme tilbake til etter endt teneste
- 3 måneder dersom vedkommande ikkje har ein jobb å komme tilbake til.

Retten til ettergodtgjøring avkortes mot annen inntekt etter reglene i kommuneloven § 8-6 andre og tredje ledd.

## § 8 Permisjoner

Folkevalgte som har et tillitsverv som sin hovedbeskjeftigelse, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljøloven §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

Søknad om permisjon avgjøres av kommunestyret.

#### § 9 *Andre bestemmelser*

1. Kommunedirektøren blir tillagt mynde til å avgjøre legitimasjons- og fortolkningsspørsmål vedr. spørsmål knytta til dette reglement.
2. Utbetaling av fast godtgjering skjer pr. måned og møtegodtgjering skal utbetalast minst 2 gonger pr. år, siste utbetaling skjer i desember.
3. Skyss og andre godtgjeringar skal minimum sendast inn to gonger pr. år og seinast pr. 15.11.
4. Krav om godtgjering for møter som er blitt halde for meir enn eit år tilbake blir det i utgangspunktet ikkje gjett godtgjering for. (Det er vanskeleg å kontrollere om godtgjering er utbetalt før).
5. Godtgjering etter dette reglementet gjeld ikkje kommunalt tilsette som deltek i kraft av si stilling og/eller som har ei sekretærfunksjon.

#### § 12 *Ikrafttredelse*

Forskriften trer i kraft 12.10.2023.